



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 15/13067-1

## Årsplan for kontrollutvalt 2016

### Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek vedlagte årsplan for 2016 til vitande

#### Vedlegg:

- Årsplan for kontrollutvalet 2016
- Verksemndplan for kontrollutvalet 2012 – 2015, vedteken i FT-sak 52/12

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkestinget vedtok verksemndplan for kontrollutvalet i FT-sak 52/12 etter tilråding frå kontrollutvalet. Planen inneholdt ansvar og arbeidsoppgåver for utvalet. Verksemndplanen er meint å dekkje behovet for å ha ein overordna plan for kontrollutvalet sitt ansvarsområde for kontroll og tilsyn av den fylkeskommunale verksemnda. Revidert verksemndplan vert lagt fram for kontrollutvalet i løpet av 2016.

Det er i tillegg viktig for kontrollutvalet å få på plass ein årsplan som på eit meir operativt nivå inneholder dei planlagde aktivitetane til utvalet gjennom året. Årsplanen vert i år som i fjar lagt fram som eiga sak tidleg på året. I tillegg vil kontrollutvalet få planen til orientering i eit møte på hausten.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Planen er lagt opp slik at den regulerer kva kontrollutvalet skal handsame og få orientering om i det einskilde møte gjennom året. Den skal med andre ord vere eit hjelpemiddel for å få med seg alle aktivitetane til utvalet og at dei skjer i ei logisk rekjkjefølgje.

Utvalsemedlemmane vil, med ein slik plan, lettare kunne følgje opp at dei får framlagt det som er avtalt til rett tid.

Det er fylkestinget som har det overordna ansvaret for kontroll og tilsyn i fylkeskommunen. Kontrollutvalet er fylkestinget sitt utøvande kontrollorgan, og skal føre operativ kontroll og tilsyn med forvaltinga på vegne av fylkestinget.

Det er i årsplanen lagt opp til å handsame saker som skal vidare til fylkestinget i møte som er i framkant av fylkestingsseta. Sakene frå kontrollutvalet vert planlagt handsama slik at fylkestinget får eit nokon lunde jamt tilfang av saker frå utvalet. Kontrollutvalet har sjølv sagt mogelegheiter til å sende saker til handsaming i fylkestinget utover det som følgjer av årsplanen.

Det er i tillegg lagt inn konferansar, politikardagar som kontrollutvalsmedlemmane deltek på. Det er viktig at kontrollutvalsmedlemmane har god kontakt med sine politiske grupper, slik at kontrollutvalet sine saker er kjende og gjerne diskuterte i dei politiske gruppene i framkant av fylkestingsseta.

Rammene for kontrollutvalet sitt arbeid og dermed aktivitetane i årsplanen er budsjettet som utvalet har fått tildelt. Utfordringa for kontrollutvalet vert å ha aktiviteter som gjer at kontroll og revisjon av den fylkeskommunale forvaltninga vert utført på ein trygg måte for innbyggjarane i fylket.

### **3. Konklusjon**

Kontrollsjefen legg fram årsplanen for kontrollutvalet med ei tilråding om å ta planen til vitande. Det er opp til utvalet om dei ynskjer å gjere endringar i planen. Planen skal vere eit reiskap for å sikre at kontrolloppgåvane vert utført på ein trygg og god måte. Utvalet kan avvike frå planen når eller dersom utvalet vurderer det som føremålstenleg.